


---


# BOKN BYGDABLAÐ

NR. 9 – NOVEMBER 1998 – ÅRG. 13


---



Fisk i Boknabergsvatnet – s. 2



Kvernhusprosjekt – s. 4



Teddybjørnens dag – s. 18



BOKN KOMMUNE

---



# BESTANDEN I BOKNABERG VATNET SKAL STYRKES

av Kjell Larsen

*Statoil har startet et prosjekt for å styrke fiskebestanden i Boknabergvatnet. Rogn fra tre "rugger" er satt til klekking i Sandnes. På ettersommeren skal yngelen være tilbake i Boknabergvatnet.*

Tre store ørreter har de siste ukene svømt rundt i merder i Boknabergsvatnet. Nøye overvåket av blant annet biologene Geir Henning Johnsen og Steinar Kolås fra bergensfirmaet Rådgivende Biologer. Gytetiden heldigvis. Men uten melke ingen



Flott ørret, men bare hunnfisk, konstaterer biologene Geir Johnsen og Steinar Kolås i båten, mens Johny Aase fra Statoil følger interessert med.

yngel, som kjent. Statoil måtte derfor søke Fylkesmannens miljøverndavdeling om å få bruke en

hannfisk fra Vatnalandsvatnet som "far" i sitt fiskeprosjekt. Ørreten ble strøket mandag 9. november og rognen lekkes nå inn til klekking ved forskningsstasjonen på Ims i Sandnes. Yngel på rundt 10 centimeter, skal hvis alt går bra, føres tilbake til Boknabergvatnet på ettersommeren.

Styrkingen av fiskebestanden er et av prosjektene Statoil har satt i gang som en følge av arbeidet med gassrøret Europipe II på Vestre Bokn. Pumping av vann fra rørgrøften kombinert med mye nedbør, førte til at Boknabergvatnet ble kraftig tilslammet. Fiberduken som var satt opp for å holde leiren på plass, fungerte heller ikke. Både Statoil og entreprenøren Joint Venture KPC har også måttet tåle kritikk for denne delen av anleggsarbeidet. Statoil har tatt kritikken alvorlig og en rekke tiltak er satt i verk for å bedre på forholdene.

Både i Boknabergsvatnet og andre vassdrag er det satt ut ekstra fiberduker for å stanse/reducere avrenning. Fiberdukene har også som oppgave å danne basseng, der de små leirepartikler og andre finmasser kan synke til bunns. I tillegg er det slutt på å pumpe vann ut av selve anleggsgrøften. Såvel biologene fra Bergen som Statoils fiskerikyndige, Jostein Nordland, avviser

at fisk kan ha strøket med i Boknabergvatnet på grunn av tilslammingen. Målinger viser at mengden av finpartikler per liter vann, ikke har vært i nærheten av det som må til for å ta livet av fisk.

## OKTOBER-UTGÅVA AV BB

Enkelte lesarar har fått blad der nokre sider kom dobbelt, men antall sider var rett (28). Desse abonnentane har sjølv sagt fått nye blad. Me beklager dette.

Dersom fleire lesarar har slike blad, kan dei få nye ved å ta kontakt med kulturkontoret.

- redaktøren -

## GULT LAUV

*Det er masse gult lauv. For det er haust. Eg går i lauvet og syng om hausten.*

*Til slutt er den tørre og fine hausten rundt meg på alle kantar.*

*Oskar Stein Bjørlykke*



# DEN NYE POSTORDNINGA FOR BOKN

## *Den kontroversielle effektiviseringa i Posten held fram:*

*Formann i Leirgrov Velforening, Trond Vatnaland, fortel til Bygdabladet at det pågår ein dialog mellom velforeninga og Posten omkring den nye postordninga i kommunen. Berre ein av dei 18 bueiningane i byggefeltet med over 500 m til postfilialen på Bokn Handelslag ynskjer postboksordning på kaien i Føresvik. Blant dei bueiningane som bur mellom 400 og 500 m unna er det også eit klart fleirtal for å ha eigen postkasse. Dette går fram av ein underskriftskampanje. I eige skriv frå Posten til alle husstandane i august heiter det: "Privatkundar som bur nærmare enn 500 m frå postfilialen – m.a. byggefeltet i Føresvik – vil få postboksar – ikkje postomdeling".*

Då den nye postordninga i kommunen trådte i kraft 1. september i år var det mange, som tidlegare hadde postboks på Boknatun, som lurte på korleis posten ville bli fordelt. Det gjekk m.a. rykter om at også dei som budde i trygdebustadene måtte ned på Handelslaget for å henta posten.

- Tidlegare henta ungane posten på veg heim frå skulen. No blir det meir bilkøyring i eit felt med mange barn, når alle foreldrene skal ned for å henta posten, fortel ein engasjert Trond Vatnaland. Han, og dei aller fleste i byggefeltet, ser ikkje for seg den store folkevandringa ned på kaien i Føresvik i haust- og vinterstormane. Han peikar på at dei færraste er innom handelslaget kvar dag. Det var noko heilt anna då postboksane var sentralt plasserte på Boknatun.

Haugesund Postkontor, ved førstekonsulent Trygve Johannesen, blei kontakta og forelagt problemstillingane både pr. telefon og brev. I svaret heiter det m.a. at det er sett opp stativ med postkassar ved trygdebustadene ved Boknatun. Vidare går det fram at 500 meters-grensa no plutselig ikkje er så stram lenger, og eit byggefelt skal behandlast under eitt; alle skal i utgangspunktet ha postboks, sjølv om dei t.d. bur 700 m borte. Det høyrer med at Posten inviterte til ein positiv dialog for å tilpassa ordninga best muleg.

Ein månad seinare, etter at ordninga hadde "gått seg til", sendte velforeninga eit nytt brev der alle dei aktuelle bueiningane hadde fått uttalt seg ved hjelp

av ein underskriftsaksjon. Her blei m.a. det peikt på at ein stor prosentandel i feltet, der ingen hus er mindre enn 400 m frå postfilialen, ynskjer eigne postkassar på stativ. Trond Vatnaland forstår ikkje kvifor heile feltet skal ha postboksar når dei fleste bueiningane er **utanfor** dei 500 metrane frå filialen. Brevet fokuserer på dei negative miljøverknadene ved den nye ordninga, og bekreftar at biltrafikken har hatt ei auke i haust.

Velforeninga foreslår to plassar kor det bør setjast opp postkassestativ. Den eine plassen ligg allerede i ruta til landpostbodet. Lyngvegen er ein svært trafikkfarleg skuleveg, og for å hindra unødvendig ferdsel her bør det andre stativet plasserast i dette området.

Det gjenstår å sjå kva Posten gjer no.

---

## *Posten informerer på internett:*

### **5561 BOKN FRA 1. MARS 1999**

Omtrent 30% av Norges befolkning får nytt postnummer fra 1. mars 1999. Det er viktig at ingen tar i bruk de nye postnumrene før denne datoen da dette vil skape unødige forstyrrelser i postgangen. Det blir få endringer av navn, men en del får nytt postnummer. De fleste postboksanleggene får eget postnummer slik at posten kan legges ut tidligere på dagen.

Postnummerendringen gjennomføres blant annet fordi det skal bli enklere å sortere posten slik at den kan komme fortare frem til riktig adresse. Endringen av postkontornettet gjør det også nødvendig med endringer av postnummer i større byer og tettsteder. Ved å innføre flere postnummer for hvert enkelt stedsnavn blir postbehandlingen sikrere og raskere, også fordi sorteringen kan automatiseres i større grad. Dette vil komme Postens kunder til gode.

Merk: Det er viktig at INGEN tar i bruk de nye postnumrene før 1. mars 1999!

Dersom post adresseres med nye postnummer før 1. mars blir den forsinket. Dette gjelder også post adressert med gamle postnummer etter 1. mars.



# OPPSETTING AV KVERNHUS I "KVEDNABEKKJEN"

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

*I mars kunne du lesa i Bygdabladet at kommunen ynskjer å setta opp kvernhus i "kvednabekken". På eit kart var det teikna inn 13 kvernhus som tidlegare stod i bekken frå Boknebergsvatnet til Boknasundet.*

*Kommunen eig eit stykke langs bekken, og det er her kvernhuset er tiltenkt. Målet er at dette skal stå ferdig til*

*tusenårsskiftet/kommunen sitt 150 års-jubileum. Prosjektgruppa har god kontakt med Bjarne Skjørestad og Sverre Frøyland frå Hommersåk, som tidlegare har utført eit stort kvernhusprosjekt ved Frøylandsbekken der nede. 14. oktober var dei på besøk i Bokn.*

Sigrunn Hole Hosaas, Birger Lindanger, Målfrid

Kro Trosnavåg, Ottar Håland og underteikna tok i mot karane frå Hommersåk på den aktuelle plassen. Med regn i lufta, og etter fleire dagar med nedbør var det god fart i bekken, og befaringsforholda kunne ikkje vore betre. Området er ypperleg, med gang- og sykkelsti rett ved sida av. Dessutan er det ikkje langt verken til fylkesveg eller skule, med tanke på kva huset kan nyttast til; reiselivssatsing og skuleprosjekt, for å nemna noko. Det blei ganske raskt konstatert at kvernhuset måtte stå så langt aust som muleg, mot huset til Ella Berge. Då får m.a. vatnet renna lengst og får god fart mot kvernhuset. I steinrøysene på begge sider av bekken ligg det kanskje



Kvernhusentusiastar heime hos Sigrunn, fv. Ottar, Bjarne ( med kvernkall-toppen ), Sverre, Målfrid, Birger og Sigrunn.

fleire ting med tilknytning til dei kvernhusa som stod der. Dette kjem i tilfellet fram når murane skal murast, og kanskje kan noko brukast.

Besøket frå Hommersåk hadde med seg toppen av ein kvernkall. Kvernhusentusiastane frå sørfylket lagar nemleg denne *kadl'n* til oss i samband med eit emne dei hadde fått tak i. Ordføraren fekk også overrakt heimelaga korn frå Frøylandsbekken, både bygg, havre og kveite. Med ein kvernkall-topp og ein del kvernhuskorn var det ingen ting i vegen med inspirasjonen. Førebels framdriftsplan for prosjektet blei laga, med svært gode utgangspunkt; plassen er klar, teikningar har me, gode kontaktar, sannsynlegvis også kvernsteinar og midlar til rådighet. Utan å ha fått det bekrefta når dette blir skrive, er det god grunn til å tru at kommunane får kr. 200.000,- kvar til prosjekt rundt tusenårsskiftet.

Byggmeister har me også. Kommunen er svært glade for at Ottar Håland vil setta opp dette huset. Det blei forresten diskutert kor vidt det burde settast opp to hus, eit lite, som ein kopi av slik det var, samt eit større på sida med plass til t.d. ei gruppe frå skulen/turistar. Karane frå Hommersåk snakka ut i frå erfaring då



Her er plassen som ein har tenkt å setta opp kvernhus.



dei fleire gonger sa at me ikkje måtte bygga for lite, men også tenka på kva det skal brukast til. Tørkehus treng me ikkje setta opp, til det har me røykstova på Laupland.

Me tok oss ein tur til Laupland for å sjå på det einaste oppreiste kvernhuset i Bokn. Dei besøkande blei ivrige då dei såg alle kvernsteinane som låg rundt omkring, steinar etter dei andre kvernhusa som har stått der.


Takpannene



Kvernhuset på Laupland pr. 14.10.98

etter desse husa ligg også i stablar. Det er Karmsund Folkemuseum som forvaltar kvernhuset. Kor vidt me kan få bruka noko av det som ligg der til vårt prosjekt, skal no sjekkast opp.

Det ligg ein del arbeid foran prosjektgruppa før dette blir ein realitet. Hommersåk-folket er ikkje i tvil om at me får det til, ikkje minst p.g.a.at me har så mykje på plass allerede.



Overstein (tv) og understein. Understeinen er delt i to, og skal ha to jernband rundt seg medan oversteinen skal fungera saman med kvernkallen.



Slik såg det ut i 1912, fire hus i klynge – både kvern- og tørkehus. På bildet ser me fv. Jakob Vågshaug, Trygve Laupland, Ole Laupland, Jakob Vågshaug ( "litle-Jakob" ) og Mathias Laupland. "Litle-Jakob" drukna i Lauplandsvågen i 1920, som me ser i bakgrunnen. Huset som ligg nærast vågen står igjen i dag.

Bildet er i den flotte samlinga som er samla inn i samband med utgjevinga av bygdeboka til neste år, og som etterkvart vil koma på biblioteket. Publikum kan søkja etter dei bildene dei er interesserte i, enten i ringperm eller på PC. Dei aktuelle bildene kan då kjøpast viss det er interesse for det.



På plassen, 86 år etter. Her ligg ein del av takpannene etter dei andre husa. Sverre og Bjarne lurar på om me kan bruka noko av dette til prosjektet vårt.

**Er det nokon som har kvernsteinar, andre ting som har høyrte til kvernhus, som kan koma oss til nytte dette prosjektet, ver vennleg å ta kontakt med kulturkontoret.**





TEKNISK INFORMERER



## KOMMUNEPLANARBEIDET

Kommuneplanarbeidet har pågått siden august 1996. Det har vært en overordnet målsetting å gjennomføre planarbeidet gjennom en god medvirkningsprosess.

Mange kommuneplankonferanser er avholdt. Ulike tema er drøftet og en stor del av kommunens innbyggere har deltatt i debatten. De ansvarlige for planarbeidet tror at medvirkningsprosessen så langt har vært en suksess og resultatet er at vi sitter med betydelig informasjon om mulighetene og truslene i Boknasamfunnet. Neste fase i planarbeidet blir å finne fram til hvilke veier vi vil gå for å forme det lokalsamfunnet vi gjerne ønsker oss. For å komme dit er det avgjørende at alle tar ansvar og arbeider i fellesskap.

Kåre Frøland, som er kommuneplanlegger i Karmøy, har vært en viktig medspiller i planprosessen vår.

På grunnlag av informasjonen vi nå sitter inne med har Kåre Frøland fabulert over Boknasamfunnet anno år 2020. Sjelden blir visjoner virkelighet, men målene er viktige å strekke seg etter og strekker vi oss godt greier vi kanskje å nå noen av de. BON APETIT!

### VISJON, BOKN I ÅR 2020

Folketalet har auka fint dei siste åra.

Ungdomsbustadane er blitt populære, ikkje berre for ungdomen herifrå, men mange utanfrå har og ynskt å busetje seg. Tomte tilbudet har gjort det lett å bli verande, og vår fellesinnsats for desse unge har gjort det økonomisk mogeleg å få opp eit hus.

”Boknakontoen”, der alle har sett inn 200 timar til fellesskapet, er blitt nytta til innsats på grunnmurar og flyttesjau, hagestell og husvøling for dei gamle, som igjen yter sine timar i barnehagen, skulen, gratiskompetanse i næringsliv og foreningsliv.

Barnefamiliane kjenner seg velkomne. Barnehagen og skulen har høg menneskeleg kvalitet, og grannelag- med unge og eldre- stiller som barnevakt og i skulefritidsordning. Det er lett å kome med barn til Bokn.

”Huset vårt”; skulen, biblioteket, barnehagen, kveldskaféen, ungdomsklubben og dei vaksne si ”drøsestove” er aldri stengt. Etter at dei eldste tok til med det obligatoriske kurset ”Matkultur for innflyttarar” har mange nesten gløymde sider ved Boknakulturen fått sin renessanse. Her er det liv og røre frå morgon til kveld. Vi ryddar, vaskar, dansar og kursar oss. Etter at vi har sluuta å ropa på kommunale stillingar som vi likevel ikkje hadde råd til, men tok ansvar sjølve, har vi møtt kvarandre mykje oftare enn før.

Dei unge har fått ansvar – og tatt ansvar, og dei gamle har vist at dei er ikkje så gamle likevel. Vi har fått att lokalsamfunnet frå før riksvegen kom. Vi er alle menneske, ikkje aldersgrupper, og vi har igjen oppdaga at det er ikkje alderen som er viktig, men enkeltmennesket sine evner, interesser og vilje til å yte.

Dei lokale verksemdene er blitt tunge på opplæring. Det pedagogiske personalet i skulen har hatt tett samarbeid med ”Gastronomisk institutt” og floraen av lokale verksemdar som driv innan ressursforvaltning. Foredling og kombinasjonar lokalt er blitt ein verdensslager, elevane og ”pensjonistane” sine samlingar omkring ”Røykt villsaummarinert i honning med urter, røykt laks med urter og brake, kamskjell a la Bokn” samlar interesse frå halve kloden, og eit jamt tilsig av interesserte tilreisande heile året. Boknaren, både barn og vaksne, lærer fordi kunnskap er viktig.

Utviklinga innanfor landbruk og oppdrett har skote fart, og gjennom systematisk satsing på kunnskap og utvikling innanfor dei nisjene der Bokn har naturgevegne gunstige vilkår, har lokale arbeidsplassar utvikla seg sterkare enn det boknaren sjølv kan sysselsette. Klima, jordsmonn og dei gode marine vilkåra inngår i Bokn sin ”profil”, der og den grøne profilen innan foredling og produksjon er med. Den kunnskapen som er spreidd om produksjon og sosial kvalitet har gjort at det er

stadig tilgang på høgt kompetente fagfolk som ynskjer å ta del i dette fellesskapet. Nye tankar og idéar frå folk som søker nettopp det Bokn har å



tilby, yrkesmessig og menneskeleg, er akkurat det vi har arbeidd for å få til!

Bokn Plast, som fekk eit meir tidsmessig område for mange år sidan, er blitt ei frontverksemd på sitt felt, og er ein styrke for Bokn sin profil. Produksjonen er miljøvennleg, og med produkt som er leiande innanfor miljø- og utsleppsteknikk er dette ein trygg og god arbeidsplass. Det gamle industriområdet i Føresvik er blitt ein grøn oase som tek i mot gjester og andre reisande med dei nye hurtigbåtane. Industriområdet og kaifronten utgjør kunnskapsparken, der vi har forskningsmiljø og senter for landbasert produksjon og foredling. Datarevulosjonen har ført kunnskapen utover i landet, og no gror det i Føresvik. Den sentrale plasseringa kommunikasjonsmessig har gjort parken attraktiv for andre, og fleire kunnskapsbedrifter ynskjer å kome inn.

Den gassdrivne, kommunale skyttelbussen går kontinuerleg frå nord til sør i kommunen, og turen i seg sjølv, på vakre vegar gjennom velstelte grender er ei nyting i seg sjølv. Med avgangar kvar halvtime har dei både dei eldre, dei unge og arbeidsfolk eit godt tilbod. Tryggleiken, nærleiken og samhaldet er synleg, og gjennom hyppige artiklar i media og på nettet er det mange som er blitt kjende med Bokn sine kvalitetar.

Dei som kjem hit, tilflyttarar eller tilreisande, kjenner seg trygge og kjende. Det er lett å finne fram. Skilt og tavler fortel om folk og landskap. Strender, stiar, aktivitetar og verksemdar er lette å finne.

Boknaren har tatt ansvar for sitt eige samfunn. Vi er stolte av det vi har fått til, og med god grunn. Mange kjem hit for å lære, og dei får høyre korleis vi tok farvel med Jantelova og tok tilbake retten til å ta ansvar. Vi fortel og korleis vi måtte arbeide med oss sjølv og korleis vi tok til å omsette verdiane våre i praktisk handling.

Vi er ærlege, arbeidssame og opne, vi har respekt for kvarandre, vi tek ansvar og krev at andre gjer det. Dette står vi for, og alle får høyre om det. Dette har kosta. Vi måtte ta tak i oss sjølv, for vi ville ikkje inn i den framtida som alle sa var uunngåeleg. Vi får store forventningar til oss, men vi lever opp til dei. Vi vil ha det slik!

Det biletet vi har skapt av Bokn, der det nære, det lokale, det ekte, det narturnære, det reine og berekraftige har for oss vore riktig. Bokn er blitt eit kvalitetsomgrep, ei "merkevare", der vi kjenner oss

heime. Vi får vere oss sjølv, og dette gjev heilskap i alle ting.

## FRÅ RENNFAST TIL ROGFAST

Det er fleire som har visjonar. I følge Stavanger Aftenblad vil vegsjef Tor Geir Espedal ha tunnel frå Tungenes til Arsvågen. Saman med sjefsplanleggaren sin, Bjørn Alsaker, tenkjer han seg to parallelle tunellar med to køyrefelt i kvar, med eit undersjøisk kryss for avkøyning til Kvitsøy. Kva fartsgrensa blir står ingenting om, men køyretida frå Haugesund til Stavanger skal bli på omlag 45 minuttar.

Vegsjefen trur ikkje ferjer vil løysa utfordringane i framtida, og meiner det må tenkjast eit fastsamband mellom nord og sør i fylket. Prosjektet har fått tittelen *Rogfast*, og skal kosta mellom 1,5 og 2 milliardar kroner.

Det var under avslutninga av Venstres samferdselskonferanse for Ryfylke, med samferdselsminister Odd Einar Dørum i salen, vegsjefen for første gong lanserte desse framtidsplanane. Dørum kommenterte ikkje utspelet, men gav generell ros til ein kreativ vegsjef.

*Kråka flyg så mjukt ho berre kan.  
Det er ikkje lang til neste tre.  
Svalene er reist til andre land.  
Kråka glir og svingar opp og ned.*

*Butte venger vippar utan stans.  
Filleborder dinglar svart og fritt.  
Kråka durvar i sin eigen dans.  
Augo sveipar rolege og vidt.*

*Skyene slår ut med lyset sitt.  
Vinden tar eit ekstra vengetak,  
Himmelen går opp i gråttog kvitt.  
Under sveva jorda full og strak,*

*Kråka flaksar rundt med alt ho har.  
Ho baksar voggande og drar og drar.*

*Per Olav Kaldestad*



- framhald frå forrige bygdablad -

### Kvar var Åsa-Sjur?

I tillegg til kva Mauland tok med, kan ein òg lesa denne meldinga dagsett den 12. november 1812 frå amtmannen til oberst von Arentfeldt i Kristiansand. Ho står i Amtets Brev Copi Bog.

Oberst von Arenfeldt

November Maaned, den 12te 1812.

”Ovende Dags Dato til mig fra Tananger indbragt engelske krigsfanger nemlig Midtskibsmann Alexander Sembroe Berset og Dreng Daniel Møller, hvilke var paa en Reprise som Matros Sivert Tønnessen har gjort, har jeg beordret vedkommende Leensmænd at beforders til Christiansand og ofte vere til Deres Høyvelbaarenhed hvilket jeg ikke undlader tiensligst at melde, bemerkende at jeg ikke var i Stand over disse Personer at lade optage noget forhør da vedkommende Dommer er paa Høsttinget og jeg ikke fandt det passende at lade dem hendsidde her hvor ingen Indretning haves til deres Forvaring indtil Fangetiden være til Ende.”

Det går ikkje fram av denne militærmeldinga noko om at Åsa-Sjur har vore innom Bokn. I forteljinga seiast det at sluppen tørna (ankra opp) i Sandvika der Sjur kjende seg heime. At han kom med sluppen og ankra i Sandvika, meiner eg det er sanne utsegner om frå gamle folk. Ingebrikt Jørgenson Are, fortalde etter farfar sin, Erik Jensson Are, som var fødd og oppvaksen på Laupland, og som var 17 år då dette hende, at han sjølv såg sluppen då han kom siglande og la seg i Sandvika.

Torborg Knutsdotter Vågshaug var fødd og oppvaksen på Vatnaland og var 15 år då dette hende. Torborg døydd i 1880. Eg har høyrte gamle folk fortelja etter Torborg at då dei fekk høyra om sluppen i Sandvika på Vatnaland, før alle mann i stor fart markavegen inn til Sandvika med hiter (to saueskinn sydd samen til å ha mjøl i) og andre ilåt som dei kunne ha korn i. At sluppen difor var i Sandvika, meiner eg det ikkje kan vera tvil om. Det kan òg tenkjast at kornsluppen i Sandvika spurdest langt vidare enn til berre desse to gardane i Bokn, men det har eg ikkje nokre vitnemål om. Truleg kom det mange fleire, både båtvegen og landevegen.

Kva tid var han så i Bokn? Jo, jo det må ha vore før han kom med sluppen til Tananger. Me må då gå ut frå at sluppen gjekk vidare til eigaren, krigskomisær Zebbelow i Kristiansand, og at Åsa- Sjur ikkje fekk rå for han lenger. Det kan òg tenkjast at Sjur hadde visse grunnar for fyrst å søkja inn til Bokn, der han hørde heime. Han hadde krigsfangar om bord og skjona sikkert

at det var viktig å koma fram til ei eller anna forsvarsmakt. Han visste at soknepresten i Falnes og Bokn var forsvarssjef og hadde det militære oppsynet der i distriktet. Det tykkjest vera rimeleg at han først ville koma i kontakt med han. Å koma over Karmsundet frå Bokn til Falnes trong ikkje ta så lang tid, og i sluppen kunne han kjenna seg tryggare på innsida av Bokn ved Boknasundet enn t.d. i Skudeneshamn eller nokon stad i ytre delen av Karmsundet. Var han i kontakt med forsvarssjefen i Skudenes, er det vel han som hadde rådd Sjur til å fara til Tananger.

Me kan heller ikkje sjå bort frå at Sjur nå var oppteken av om det var kapring, dette varpet han hadde gjort, og om sluppen var hans ”Reprise”. Han hadde jo teke fartøyet frå det engelske prisemannskapet og teke dei til fangar. I denne krigstida var det ikkje uvanleg at vågelege norske sjøfolk løyste kaperbrev og gav seg av med å kapra framande handelsskuter. Einskilde hadde vore heldige og vunne store formuer. At skuta var norsk, tenkte kanskje ikkje Sjur så mykje over. Eg held det difor ikkje urimeleg at han har vilja samrå seg med han som var både forsvarssjef og sokneprest, og som av folk i Bokn blei sett opp til som ein far i bygda. Det heiter og i den siterte meldinga frå Amtets Brev-Copi-Bog: ”-en reprise som Matros Sivert Tønnesen har gjort.”

I meldinga frå løytnant Paludan vert det sagt at seks mann frå Utsira kom om bord i sluppen og hjelpte Åsa-Sjur til ankers i Feøyhamna, men det står ikkje noko om at dei var med Sjur vidare. Torkell Mauland meiner det kan vera spørsmål om det heller er Vedøy ytterst ved Veavågen. Viss tanken var å koma til Tananger, høyrer dette om hjelpa frå Utsira og oppankringa i Feøy – eller Vedøyhamna ligg litt lenger sør. Sjur etla seg heim til Bokn med sluppen han hadde teke frå engelskmennene, og at han ankra opp i Sandvika i Bokn, meiner eg det er sannsegner for. Det som var sagt til løytnanten i Tananger kunne vore tillempa etter som det var turvande for Sjur at han hadde vore heime og kan henda selt noko av lasta, som han meinte å vera eigar av.

### Kven var Åsa-Sjur?

Ingen gamle folk i Bokn har kunna fortelja nærare om kven han var og kvar han budde. Leitar ein i manntala frå 1758 og 1801, er det bare ei ”Aasa” som Sjur kunne ha tilknytning til: Åsa Torkelsdotter som var gift med husmannen på Oksebåsen. Ho var frå Alvestad der Sjur tente lenge før han hyrte seg med sluppen i 1812. Åsa i Oksebåsen kunne etter alderen ikkje vera mor til Sjur, men ho kunne vera mormors hans, som hadde teke seg av guten då han vaks opp. At guten då han vart meir vaksen, fekk teneste på Alvestad der han hadde slekt, er også rimeleg.



Far til Åsa Oksebåsen heitte Torstein Pedersson og var frå Underberge i Forsand. Han var født i 1869 og blei gift med Margreta, dotter til Isak Asbjørnsson i Alvestadkroken. Isak var lenge sjømann i utanriksfart. Torstein Pedersen kom til å bu i Alvestadkroken. Det heiter etter han i 1734, sitert etter Ansgar Ellingsen: ""alt Berge, 45 år, f. i Høle Sokn, gift, matros i 10 år i siste krig". Det må vera same krigen som den kjende Nils Trosner var med i – 1710-14 – og som han skreiv dagbok om.

Viss ein går ut frå at Åsa i Oksebåsen er mormor til Åsa-Sjur, er Torstein oldefar hans. Han må då ha høyrte mykje om oldefaren og alt han i si lange krigstenestetid var med på. Det kan ha vore ein grunn til at Sjur ikkje kunne motstå trongen til å fara til sjøss i ei farleg tid med krig og kapring. Åsa var etter manntalet i 1758 36 år gammal og fekk saman med Holger Olsson to døtre som var ti og seks år og ein son på to år dette året. Det var skifte etter bror hennar i 1780. Ho var då død, men let etter seg to

born.

Det var truleg eit vonbrot for Sjur at han ikkje fekk fartøy og last som "prise", slik som me ser at amtmannen Krog kalla det. Og fleire meinte vel det same som amtmannen. Torkell Mauland seier at Sjur berga både seg sjølv og sluppen, og at han fekk takk og løn av sjølvkongen. At Sjur vart "dannebrogsmann" som Torkell Mauland hevdar, kan høyrast storarta ut, men var vel noko anna enn Sjur hadde tenkt seg. Eg har elles ikkje funne Sjur nemnd mellom nordmennene som fekk dannebrog.


I dag veit ingen i Bokn kor Sjur heldt seg etter at han laut levera sluppen i Tananger og kom heim att. Mest truleg er det at han heldt seg anten i "Krogjen" eller på Alvestad der han hadde ein del av slekta si, og der han tente ei lang tid før han reiste til sjøss i 1812.

(Også trykt i "Ætt og Heim" 1975)

### FRED

Krigen kommer  
krigen går,  
No har krigen gått  
for denne gang,  
Men eg går og tenkjar  
hadde det ikkje våre  
fint om det vart fred i  
andre land og.  
Eg går og tenkjar,  
Eg tenkjar på fred.

*Hanne Marte Vatnaland 4 klasse.*



FRED  
FRED  
TENKJER PÅ FRED  
MAT OG VATN  
KRUMPE TIL ET LITE FRØ  
FRED  
UT OG FISKE  
TORSK, MAKRELL  
RO, STILHET  
UTEN KRIG  
BOR I NORGE UTEN KRIG  
VARMT OG GODT

*KRISTIANE LARSEN MIKKELSEN, 4*





# BUSSTOPPEN I ALVESTAD

Tekst: Kirstin Hosaas

*Busstoppen i Alvestad har no vorte utbetra og flytta 200 meter lenger sør. Bussane vil stoppa der frå og med veke 46.*

Det har stort sett vore ekspressbussar som går mellom Hauge-sund og Stavanger, som har brukt busstoppen. Desse bussane går føre på ferja, og kjem derfor svært ofte fyrst i ferjekøen. Det har oppstått fleire farlege situasjonar når bussen har stoppa, og skal ut på vegen att. Busslomma var svært kort, og då bussen kom ut på vegen, hadde han nesten ikkje fart i det heile. Bilane i ferjekøen heldt ofte større fart enn lovleg (80 km/t) på denne strekninga. P.g.a. dårleg sikt fekk dei store problem med å bremsa for ein buss som nærast stod stille.

Bussjåførane klaga lenge på denne busstoppen, utan at noko vart gjort. I januar 1998 gjekk sjåførane til aksjon, og nekta å bruka busstoppen. Bogn kommune tok då kontakt med Statens Vegvesen, og fekk lovnad om flytting av busstoppen. Det førte til at sjåførane stogga aksjonen. Busselskapa og kommunen forstod det slik at arbeidet med busstoppen skulle starta i april. Då ingenting skjedde, tok kommunen ny kontakt med Statens Vegvesen, og der kom det fram at det var planlegginga som skulle starta i april.



Pr. 29 oktober: her vil bussane stoppa f.o.m veke 36.

Foto: JH

Etter to nestenulykker i sommar, gjekk hovudverneombodet til sjåførane til boikotting av busstoppen frå august. Dette førte til at busstoppen vart stengd inntil vidare. Dei som skulle ta bussen nordover måtte anten ta turen over brua, eller koma seg til Knarholmen.

Arbeidet med flyttinga av busstoppen starta i midten av oktober, og skal etter planen vera ferdig i løpet av veke 45.

Sjølvsagt om vegen til busstoppen no har vorte nokre meter lenger, er dei fleste glad for at noko vart gjort før ulukka var ute. Det er no lettare for bussjåførane å sjå dei reisande, så vonleg vil ein ikkje lenger oppleve at bussen susar forbi.

*November er en gammel kvinne  
som ikke håper lenger.*

*Da solen, den veldige elsker, forlot henne,  
Trakk hun en grå kjole over sine mange skuldrer,  
Og hennes ansikt ble strengt av ensomhet.*


Inger Hagerup

*Sjå treet i november  
ribba for alt  
berre føter og sanning  
og verjelause greiner  
lik utstrekte hender  
utydelege i frostrøyk*

Åse-Marie Nesse



# NYTT FRA FORVALTNINGSSTYRET



## Forvaltningsstyret hadde møter den 07.09. og 07.10.98.

Mange grunneiere har søkt om tillatelse til nydyrking, anleggelse av traktorveger og annen bruksendring av arealer i tilknytning til gassrørledningsarbeidene. Reguleringsbestemmelsene for rørtraseen forutsetter at landskapet så langt det er mulig skal tilbakeføres til opprinnelig form.

Enkelte grunneiere har derfor fått avslag på sine søknader om bruksendring av utmarksarealer som ligger innenfor reguleringsplanen.

Harry Vågshaug har fått tillatelse til å fradele tomt til bestående sjøhus ved Boknebergsjøen.

Eli Ommundsen har søkt om ny byggetillatelse for nausthytte ved Straumen. Forvaltningsstyret har anbefalt søknaden, men saken blir ikke endelig avgjort før eventuell klage fra naboer er sluttbehandlet.

Kommuneplanens arealdel er drøftet i begge møtene. Forslag til nye boligfelt er foreløpig avklart og når det gjelder fritidshus foreslår forvaltningsstyret at det ikke

skal planlegges for nye hytter eller tillates vesentlig foretting i bestående hytteområder. Derimot blir det foreslått å sette av byggeområder til naust i tilknytning til bestående sjøhus i de fleste av naturhavnene. Nye oppdrettslokaliteter er foreløpig avklart og når det gjelder industriareal blir det foreslått utbygging både på Ognøy og Austre Bokn. Arealene er tiltenkt næringsvirksomhet som vil basere seg på bruk av gass og spillvarme som energikilder.

I tillegg til arealplanmessige vurderinger foreligger det forslag til en tekstdel om andre viktige målsettinger i kommuneplanen.

Forvaltningsstyret tar sikte på 1 gangs behandling av planen før jul og at planen skal ligge ute til offentlig ettersyn fra januar 1999 til påske.

Grunneiere og andre som har innspill til planarbeidet eller ønsker nærmere orientering kan henvende seg til kommunen.

Bruk muligheten din nå! Påvirkningsmulighetene vil avta etter hvert som planarbeidet nærmer seg avslutning.

- seksjonssjef teknisk -

**FRED  
FRED**  
**Går på ein veg  
og tenkjer  
tenkjer på fred  
på ongar  
store og små  
tenkjer på , andreland,  
på krig.**

Linn Sæbo , 4 klasse .



*Så kommer en liten hvit dame  
og det er vinteren det, og hun har spade og ryggsekk  
med seg og legger snø utover markene, og snøklatter  
oppe i trærne, og så gir hun menneskene tykke*

*skjerf og luer og røk ut av  
munnene, og røk ut av pipene  
på husene også – og himmelen maler hun kald og  
hvit og gir lufta kuldegrader.*



## TV-AKSJONEN –98

Årets TV-aksjon, *På flukt i eget land*, gikk av stabelen 18.

oktober. I år tok Bokn Røde

Kors og Soknerådet seg av bøsseene, og det blei samla inn

kr. 28.693,- Dette er eit bra resultat sett i forhold til tidlegare TV-aksjonar. Aksjonen i 1996, Miljø for livet, samla berre inn litt over kr.

10.000,- medan fjorårets Krafttak mot kreft står i ein særstilling med totalsum på over kr. 75.000,- Då blei det som kjent arrangert ein bygdakveld i tillegg til at deler av næringslivet også gav til saken. Då var det berre Utsira som gav meir i Rogaland, i år var det fire kommunar før Bokn i fylket vårt.

Bokn kommune bevilga i år kr. 5.000,- til aksjonen, og totalbeløp blei kr. 33.693,-

Bøssebærarane kunne fortelja om ein del som ikkje var heime. Desse fekk ein gul lapp klistra på døra med oppfordring om å ringa inn ei pengegåve. Sjølv om det var litt for få bøssebærarar denne gong, blei jobben unnagjort i løpet av eit par, tre timar.

Takk til bøssebærarane frå dei nemnde lokallaga, og også til dei frivillige som stilte opp! Takk også til banken og Bjørg Bokneberg for hjelp til opptelling og systematisering samt kaffi, brus, kaker og sosialt samvær!



## GOD INTERESSE FOR DATAKURS

Det var 3 personar som ikkje fekk plass på introduksjonskurset i data som eldrerådet i Bokn tok initiativ til.

Kurset starta den 28.oktober, og hadde plass til 12 deltakarar.

Kurset var berekna for personar over 55 år, og 9 av dei 12 var over denne alderen. Det var 6 påmelde under 55 år, men 3 av desse fekk ikkje plass.

Det kurset som nå kom i stand, var eit reint nybegynnarkurs for folk som ikkje har vore borti data før.


### ELDRE OG DATA

Datateknologien gjennomsyrrer samfunnet i aukande grad. Alle folk vil støyta på dataen på eitt eller anna nivå. Datateknologien har betydning for den enkelte sitt liv, og kan heva livskvaliteten. Datateknologien kan gi større innsikt og innsyn for enkeltpersonar som meistrar han, og kan gi høve til å ta del i den demokratiske prosessen i sterkare grad enn kanskje nokon gong før.

Tidlegare har denne teknologien vore for dei få som gjennom arbeid og skule har fått tileigna seg slike kunnskapar. Alle innbyggjarane bør få eit tilbod og ein rett til å ta del i dette. Mange av den fjerdedelen av befolkninga som er over 55 år, står på mange måtar utanfor datasamfunnet, og desse kursa som nå vil bli arrangert mange stader i landet, er ein måte å prøva å få denne gruppa bort frå "utanforsamfunnet", og gi dei høve til å læra seg å meistra denne teknologien.

### FLEIRE KURS I DATA?

Ved Bokn skule er det gjennom eit samarbeid og midlar frå næringsfondet kjøpt inn datamaskinar som skal



kunna brukast også til kursverksemd. Gjennom kontaktar og påmeldingar til dette kurset, sit ein att med eit inntrykk av at det er behov for kurs i data for den vaksne del av befolkninga. Det bør bli gitt nytt tilbod om datakurs

over nyttår, og det må vera retta mot heile den vaksne befolkninga.

RA

## MØTEPLASS FOR UNGDOM

Slike møteplassar er det ikkje mange av i Bokn, og styret i Bokn Handelslag har foreslått at lokalet i sørenden av bygget kunne egna seg til noko slikt. Tidlegare har Bokn Plast hatt dette som spiserom. Styrar Annbjørn Sunde seier til Bygdabladet at dette må vera noko å tenkja på for lag og organisasjonar i kommunen. Dei 40 – 50 kvadratmetrane står i dag utan leigetakarar, og inntil vidare vil boknarar få ein gunstig avtale for å ta lokalet i bruk.

*Interesserte tarkontakt med Annbjørn, 52 74 83 16*

*Skulle jeg i dag kan hende skrive  
en visetrall i mørketiden,  
vekke våren i meg selv til live  
og videre til venner gi den?*

*Hør da hva jeg innerst inne mener  
om motløshet og triste tanker:  
Det er bare vinterlige grener  
som snart vil bære blomsterranker.*

*Louis Kvalstad*




# EUROPIPE II – NYTT PR. 03.11 FRÅ ODD R. GRESSLIEN

Foto pr. 28.10: JH

Av nytt siden sist vil jeg først nevne at rørtrekkingen over Boknasundet ble avsluttet mandag morgen 2.11.98. En viktig milepæl i Europipe II prosjektet ble dermed nådd. Nå gjenstår det å fjerne oppdriftselementene og vektene, i form av de gule stål-tankene og kjettinger, slik at ca. 600 meter rørledning dernest vil ligge trygt og stødig på bunnen av Boknasundet.

Vi har også begynt å løfte rørledningen ned i grøfta, på strekningen Boknabergsvatnet-Sæbø, og så snart rørledningen er på plass i dette området, og de nød-

Sjaktboringen på Austre Bokn har møtt mange problemer, og det er nå nedsatt en ekspertgruppe som skal vurdere alternative måter å løse disse problemene på. Arbeidene med anleggsvei og grøft på Austre Bokn derimot går raskt fremover, og undervannssprengningene og mudringsarbeidene i Viervika er avsluttet. Fundamenteringsarbeidene i Viervika, for den vinsjen som skal trekke rørledningen på land fra leggefartøyet som skal legge rør over Falkeidflæet, er kommet igang, og dette arbeidet skal være avsluttet til 1. desember.



vendige kabler på plass langs den, vil tilbakefyllingen av grøftene og restaurering av rørsveisingområdet på Sæbø, igangsettes.

Rørledningsgrøfta over Vestre Bokn er nå ferdigsprenget, utkjøring av rør fortsetter, og sammenveisingen begynner å gå bedre og bedre. På grunn av noe sen fremdrift i sveisearbeidene så langt i prosjektet, vil det bringes inn mer sveiseutstyr og mer personell, for å ta igjen noe av den tiden som har gått tapt.

Når det gjelder tilslammingen av Boknabergsvatnet har det vært utført undersøkelser som viser at det ikke er noen fare for fisken i vannet. Det har vært avholdt egne informasjonsmøter med Bokn kommune og de grunneiere som har eiendom som grenser til de vannene som Europipe II ledningen passerer. Statoil har videre satt igang tiltak for Boknabergsvatnet som innebærer at yngel settes ut i vannet neste sommer, dette for å bøte på eventuell redusert fiskeproduksjon som et resultat av anleggsarbeidene.






# Petra Fritidsklubb

informerer

Tlf. 52 75 25 70



Klubbkveldane dette skuleåret er godt i gong, kvar fredag kl. 20.00 – 23.30 og anna kvar onsdag kl. 18.30 – 21.30. Me held fortsatt til på Kyrkjebygd skule, 1. og 3. etasje. Tilboda er diskotek, biljard, bortennis, dart, diverse brettspel og kiosk. Kiosken er i vaktrommet, og det er for det meste foreldrevaktene som tar seg av salet. Petra er ein kommunal fritidsklubb som ligg under kulturseksjonen, og klubben er i første rekke for elevar frå 8. klasse. Nytt av året er at 5., 6. og 7. klasse har fått vera med enkelte onsdagar. Det merkar me godt på inntektene, for kiosken er svært populær blant dei yngste.

Me er opptekne av at dei som går på klubben skal ha det kjekt saman i eit trygt miljø, og det skal vera to foreldre som sit vakt på alle arrangementa. Kveldar med lite folk held det med ein, noko som blir bestemt etter avtale. Klubben skal stengast dersom vaktene ikkje møter opp. Dessverre har dette hendt, og enkelte foreldre kunne med fordel fått ei betre holdning til dei utsende vaktlistene.

Lærlingar i barne- og ungdomsarbeid har også ein del av stillinga si der oppe. Timeplanen deira er lagt opp slik at dei går anna kvar gong. Mange trur at lærlingen skal vera den fritidsleiaren kommunen ikkje har, noko som ikkje er rett. Det er eit problem for alle at lærlingane ikkje får oppfølging på klubbkveldane p.g.a. mangel på



Styret 1998/99: fv. Vegar Våge, Hanna Aksdal, Ellen Elise Ognøy (leiar), Cecilie Larsen og Svenn Erik Grønnestad.

Foto: JH

ressursar. Arbeidssituasjonen til lærlingane blir usikker og ungdommane veit ikkje kven som har ansvaret i forskjellige situasjonar. Foreldrevaktene har sjølvsagt ansvaret, men får som regel ikkje, eller for seint beskjed, og enkelte ting kunne fungert mykje betre på fritidsklubben.



Lærlingane fv. Ingunn Ragnvaldjord og Anette Årvik minner om at det er tid for Ungdommens kulturmonstring (UKM) igjen. **Påmeldingsfrist til kulturkontoret er 1. desember.** I tillegg til Petra-lokala kan biblioteket på onsdags ettermiddag brukast som aktivitetslokale til dette prosjektet.

UKM gir deg sjansen til å visa andre kva du driv med.

Alle mellom 10 og 19 kan delta. For grupper må minst halvparten vera innafor aldersgrensa.

UKM er open for alt, som t.d. musikk, teater, dans, billedkunst, kunsthåndverk, litteratur, film, video, foto, m.m.

**KOM OG BLI MED!**



# PÅ KRYSS OG TVÆRS

Vinnarar av septemberoppgåvene blei:

|                  |   |                 |
|------------------|---|-----------------|
| Oppg. 1 (a og b) | : | Tom Are         |
| Oppg. 2 (a og b) | : | Therese Våge    |
| Oppg. 3 (a og b) | : | Ivar J. Ognøy   |
| Oppg. 4          | : | Lars Morten Kro |
| Oppg. 5 (a og b) | : | Lars Morten Kro |

Vinnarar av oktoberoppgåvene blei:

|                     |   |                 |
|---------------------|---|-----------------|
| Oppg. 1 (a, b og c) | : | Lars Morten Kro |
| Oppg. 2             | : | Vegar Våge      |

GRATULERER!

( Pål Askvig, Annette Bokneberg og Jardar Havikbotn har stått for trekninga ).

Vinnarane vil få kvar sin Ekstra-kupong tilsendt.

## LØYSINGAR, SEPTEMBER:

### Oppg. 1a

|   |   |   |   |
|---|---|---|---|
| K | A | T | T |
| A | R | V | E |
| T | V | I | L |
| T | E | L | T |

### Oppg. 1b

|   |   |   |
|---|---|---|
| H | A | R |
| Ø | R | E |
| N | O | K |
| E | N | E |

### Oppg. 2a PUSLEKRYSS

|   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|
| G | A | R | A | S | J | E |
| U |   | U | N | G |   | R |
| L | L |   | O |   | S | I |
| L | I | V | R | E | T | T |
| Ø | V |   | A |   | Ø | R |
| Y |   | S | K | Y |   | E |
| E | L | E | K | T | R | A |

### Oppg. 2b

### Finn 15 dyrenavn – vannrett/loddrett

|         |          |          |
|---------|----------|----------|
| Apekatt | Antilope | Neshorn  |
| Lemen   | Slange   | Pelssel  |
| Esel    | Delfin   | Slange   |
| Ku      | Ekorn    | Rev      |
| Gaupe   | Sebra    | Villhest |

### Oppg. 3a

Det blei ein åttearma blekksprut.

### Oppg. 3b

2-talet fann ranselen

### Oppg. 4

|   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| B | R | I | N | G | E | B | Æ | R | S | A | F | T |
| I | O | N |   | R | I | O |   | O | V | N | E | R |
| N | Y |   | K | U |   |   |   | F | E | I | E | I |
| D | A | T | A | S | K | J | E | R | M |   | L | O |
| E | L | E | V |   |   |   | A | R |   | E | S | E |
| S | T | R | I |   | E |   |   | D | U | S | T | E |
| T | Y | R | A | N | N |   |   | I | L | L | E | V |
| R |   | I | R |   |   | D | A | G |   | Å | N | D |
| E | S | E |   |   | H | E | R |   |   | U | T | G |
| K | A | R | D | A | N | G |   |   |   | T | E | N |

### Oppg. 5a

|       |       |         |
|-------|-------|---------|
| HÅND  | TAK   | STEIN   |
| AL    | BUE   | SKYTTER |
| BARNE | STOL  | RYGG    |
| SKINN | SOFA  | BORD    |
| BLÅ   | BÆR   | BAR     |
| GUL   | ROT   | TER     |
| BADE  | SKO   | LE      |
| BUK   | TALER | STOL    |
| DAG   | ROS   | INER    |
| TANN  | KJØTT | PUDDING |

### Oppg. 5b

|               |
|---------------|
| ANGORA        |
| TVIST (AVISA) |
| SIRKUS        |
| RIDDER        |
| ROVDYR        |
| TROST         |
| SAFTIS        |
| TOMAT         |
| SAUS          |
| SLIPS         |

*Ja, hausten sankar den mogne meld  
i livsens land.  
Om frøet er frose, så hugs at det fell  
i skaparhand.*

Tor Jonsson



# LØYSINGAR, OKTOBER:

## Oppg. 1a

|   |   |   |   |
|---|---|---|---|
| H | E | S | T |
| E | S | K | E |
| S | K | A | M |
| T | E | M | A |

## Oppg. 1b

|   |   |   |
|---|---|---|
| B | O | K |
| R | R | I |
| U | K | E |
| S | E | L |

## Oppg. 1c

|   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|
| F | A | R | M | O | R |
| U | R | T | E | T | E |
| Ø | Y | E | H | Å | R |
| M | A | N | D | E | L |
| N | E | K | T | A | R |
| B | U | E | S | A | G |

## Oppg. 2

|   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| P | A | R | K | E | R | E |   | R | A | N | E | R |
| R | U | I | N |   | O | L | D | E | F | A | R |   |
| E |   | B | A | M | S | E |   |   | R | U |   |   |
| S | E | B | R | A |   | G | E | B | I | S | S |   |
| T | R | E |   | K | N | A |   | E | K | T | E |   |
|   | G |   | G | R | Ø | N | N |   | A | T | Å |   |
| U | R |   | R | E | S | T |   | F |   | R | E | P |
| B | E | T | A | L | T | E |   | E | D |   |   | N |
| R |   | A | V | L | E |   | T | R | I | S | T | E |
| U | L | N | E |   |   | G | E | I | T | E | R |   |
| K | U | N |   | K | N | U | S | E |   | L | U | R |
| T | E |   | S | N | Å | L | T |   | L | E | S | E |
|   | N | Y |   | E | L | L | E | V | E |   | E | N |

# NYE OPPGÅVER

## Oppg. 1 KODEKRYSS

20 = H

16 = T

10 = I



|    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |    |
|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|----|
| 1  | 2  | 3  | 4  | 5  | 6  |    | 4  | 7  | 8  | 9  | 2  | 6  | 10 | 5  |    | 11 |
| 2  | 12 | 13 | 2  |    | 14 | 15 | 16 | 9  | 2  | 10 |    | 9  | 17 | 10 | 5  | 9  |
| 6  | 9  | 16 | 9  | 2  |    | 12 |    | 17 | 13 | 18 | 18 | 9  | 2  |    | 10 | 7  |
| 10 | 2  | 13 | 7  |    | 9  | 16 | 16 | 9  | 2  |    | 19 | 2  | 9  | 2  |    | 5  |
| 5  | 9  | 6  | 9  | 7  | 8  | 9  | 2  |    |    | 3  |    |    |    | 12 | 15 | 9  |
| 20 |    | 16 |    | 14 |    |    | 4  | 21 | 2  | 9  | 16 |    | 22 | 2  | 12 |    |
| 9  | 5  |    | 3  | 9  | 15 | 16 | 9  | 2  |    | 33 | 21 |    | 19 |    | 6  | 21 |
| 16 | 4  | 15 | 24 |    | 13 | 2  |    | 9  | 23 | 23 | 9  | 7  |    | 20 | 10 | 16 |
| 9  | 6  |    | 19 | 6  | 17 | 12 | 23 |    | 14 | 9  | 7  |    | 22 | 21 | 8  | 9  |
| 7  | 9  | 5  | 6  | 9  | 7  |    | 12 | 17 | 9  | 2  |    | 11 | 1  | 2  | 9  | 2  |




## Oppg. 2a

|   |   |   |   |
|---|---|---|---|
| 1 | 2 | 3 | 4 |
| 2 |   |   |   |
| 3 |   |   |   |
| 4 |   |   |   |

### Vannrett/loddrett

1. Lav
2. Forbi
3. Parat
4. Langsom

## Oppg. 2b PUSLEKRYSS



AA, EN, ES, LE, SG, UT, ÅL, ÅS  
 LOS, SPE, STA, UTE  
 APEKATT, BLÅALGE, BLÅMEIS  
 ENTONIG, MOSKITO, SAGTANG

fred  
 går på en veg  
 tenkjer  
 tenkjer på fred  
 tenkjer på tørke  
 tenkjer på vatn  
 tenkjer tenkjer  
 på fred

*Kjetil 4 kl*



Fred  
 Eg elsker fred  
 det er fred i norge  
 eg liker fred  
 me har masse mat  
  
 me har fred i Norge  
 det er gøy med fred  
 det er bra med fred

*laga av Anita 4 klasse*





# TEDDYBJØRNENS DAG PÅ BIBLIOTEKET

POPULÆRT ARRANGEMENT SAMLA HEILE 30 BARN

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

*Teddybjørnen er oppkalla etter den tidlegare presidenten i USA, Teddy Roosevelt. Ei berømt teikning viser at den avdøde presidenten vegrar seg for å drepa ein bjørnunge. Den internasjonale Teddy Bear Day blir feira på presidentens fødselsdag, 27. oktober. Forutan i USA blir dagen feira spesielt i Storbritannia, men no også i Norden. Den 20. oktober hadde 135 bib-liotek i Norden meldt si interesse, og det eine av dei var i Bokn. Biblioteksjef Linda Ognøy inviterte barn frå 3-5 år saman med bamsen eller kosedyret sitt til å vera med på feiringa.*


I elleve-tida blei biblioteket, som sjølvstøtt var pynta med mange ballongar og fleire store teddybjørnar, fullt med barn og kosedyr og ein del vaksne. Tv-Haugaland var også på plass, men det brydde ikkje ungane seg om. Dei aller fleste var opptatt av at ordførar Sigrunn Hole Hosaas leste om når *Ole Brumm bygde hus på Bjørnehjørnet*, sjølv om nokon også fann ballongar, store bamsar og andre bøker svært interessante. Då den koselege lese- og samtalestunda var over, song barna *Det snør, det snør* og *Ole Brumm-songen* for Sigrunn.

Etterpå var det boller og saft, dei vaksne fekk kaffi. To langbord i Allrommet blei fulle av 30 sprudlande ungar og etterkvart fleire vaksne. Til og med tre svenskar feira det internasjonale kalaset saman med dei nógde barna. Stemninga blei heller ikkje lågare då det kom fleire skåler med Bamse Mums på bordet, sponsa av Bokn Handelslag. Bursdagssongen blei sunge, og ordføraren nytta høve til å dela ut refleksar med blå skrift: *Bli sett i Bokn kommune*. Ein del laga også teikningar til den store teddybjørnen som satt i eigen stol.

Biblioteksjefen og ordføraren er godt nógde med oppslutninga. Spesielt gøy var det at TV-Haugaland laga reportasje til kvelds-TV, dei hadde høyrte om arrangementet då Linda blei intervjuet på Radio



Ein engasjert barneflokk viser kosedyra sine til Sigrunn.



Tvillingane fv. Niklas og Tommy Kjellesvik var begeistra for alle bamsane og ballongane.

102 om morgonen. Det blir sikkert Teddybjørnens dag



# VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET



Adventstida nærmar seg , på biblioteket finn du bøker til å kosa seg med.

Tips for høgtlesing:

Gaarder, Jostein:  
Julemysteriet

Hoffmann, Ernst:  
Nøtteknekkeren

Rønningen, Bjørn:  
Jul i skomakergata



## LÅNETID:


BØKER : 4 VEKER

TIDSSKRIFT: 2 VEKER

VIDEO : 4 VEKER

NB! JULEBØKENE : 2 VEKER

HUGS Å LEVERA I INNEN  
FORFALL, ANDRE KAN  
VENTA PÅ DET DU HAR  
LÅNT!



## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : 10.00 – 13.30

ONSDAG : 16.00 – 19.00

TORSDAG : 10.00 – 13.30

TLF. 52 75 25 45

## E-POST:

lognoey@bokn.kommune.no



Treng du idear til julepynt eller julegåver, her har du eit utval av bøker du finn på biblioteket:

Alfsen, Gerd:  
Juleversted

Andersen, Bettina:  
Patchwork til jul

Ekehjelm, Elisabeth:  
Småting til jul

Funder-Nielsen, Jens:  
Julemobiler og andre ju-  
leklip

Joner, Tone Bergli:  
Engleideer

Lyager, Kirsten:  
Patchwork på kugler og kegler

Nørby, Mette:  
Julegaver du kan lage selv

Aartun:  
Kosebok i adventstiden





Haugesunds Avis 23/11 1933

# Bokn i gamal og ny tid.

**Segn og saga.  
Arbeidsliv og tiltak.  
- Fyremål og rike  
framtidsvoner.**

**Skildring frå ei ferd til Bokn. - For  
"Haugesunds Avis" av Hans Tunge.**

Bokn - namnet er keltisk og tyder mé eller merke, segjer dei lærde; det er utan tvil eit av dei eldste namn i landet. Når folk kom siglande inn frå havet i gamal tid, var Bokn viseleg det likaste siglemerke som fanst på lang leid. Boknafjellet ligg 280 meter over havet, og er det høgaste fjellet i Karmsundsbygdene. At namnet er keltisk skulde då tyda på, at folket her har havt samband og samhav med kelterar. Bygda har fått namn etter fjellet, som so mange andre bygder kring i landet. - Boknafjellet var og er ein av dei mest kjende vardestader i gamal tid! Derifrå kunde ein sjå den lysande logen milevidt ikring, når det var fåre på ferde. Står du på Boknafjellet ein godversdag når himmelen er klår - lufta skir og blank, har du ei herleg, storlagd utsyn - endelaust vidt til alle kantar. I aust stig Ryfylkefjella fram, med tindar og toppar; du ser blåne bak blåne i skiftande bragd. Du ser so å segja over heile Ryfylke og ein stor part av Hordaland med. Og du ser storhavet langt ute i vest - so langt at himmel og hav går i eitt, vestanum alle øyar, holmar og skjer. Men straks utanfor, mot nord, ser du den gamle ferdavegen, Karmsundet; - blått og blankt ligg det ein slik godversdag. Og Boknafjorden som mang ein gong kan reisa seg vill og veldig - ligg so roleg, smilande - ligg liksom og lever i solgidderet - i nordvest ligg Karmøy, breid og brisen - og i nordaust ser du Tysvær. Men lenger mot aust ser du sjølvaste Ryfylke, med fastland,

og med øyar i rekkje og rad. - So festar du augo på sjølve bygda. Du ser kvitmåla hus, veldyrka gardar - innhegna med digre steingjerder, som skil den eine garden frå den andre. Men du ser og haugar og hamrar, heider og myrar og blinkande vatn. Eit langt, smalt sund skil Bokn i to - minste luten kallar ein for austre Bokn og største luten, hovedøya, kallar ein for vestre Bokn. Det er dei som hevdar, at det var her i Boknasundet Olav Haraldson fanga Erling Sjalgson - her var det då Aslak Fitjarskalle gjorde det lagnadstunge skadehogget då han hogg Erling til ulivs: "Usæle mann! No hogg du Noreg or handa mi," sa kongen. Mangt hadde vorte onnorleis, dersom dette hogget hadde vore ugjort. Og dette hogget fall her i Boknasundet, etter det sume sogeskrivarar segjer. Mangt tyder på at denne meininga er den rette. - Det er elles mangt i Bokn som minner um gamal tid: Tett attmed sjøen ved Alvestad, står det ein stor bautastein, og frå denne steinen og nordetter stranda ligg det ei mengd med gravhaugar, side um side, 40 i alt. Dei lærde meiner at denne bautasteinen og desse gravene skriv seg frå umlag 3000 år fyre Kristus. Det er ikkje fastbuande folk som er gravlagde der, meiner ein - for dei fastbuande vart alltid jorda lenger frå sjøen; difor må det ha vore "farande folk". - På Austre Bokn har ein funne ei uvanleg vakker sylje av reint gull - ho skriv seg frå kring år elleve hundrad, rekna ein på. No ligg ho i Stavanger museum, og er ei av dei aller finaste som finst der av det slaget. Ved Sønnelandsstraumen har ein funne ei mengd med sylvmynt frå gamal tid - ikkje mindre enn 3 - 4000 i alt. I ei myr ved Håland har ein funne ei stor gullstong frå eldre tider. Det finst mange merke som tyder på at folk tok tidleg til å busetja seg i Bokn - i vissa ein av dei fyrste stader på Vestlandet. Mange av gardsnamna t. d. Håland, Are, Torland o.a. er eldgamle namn.

**- framhald i neste nr. -**



# PROSJEKT "ROGALANDSBÅTAR"

RETTLEIING FOR REGISTRERING AV OPNE BRUKSBÅTAR



STAVANGER MUSEUM  
STAVANGER SJØFARTSMUSEUM

Stavanger Sjøfartsmuseum har starta prosjektet "Rogalandsbåtar". Prosjektet har til føremål å dokumentera bygging og bruk av opne trebåtar i fylket. Prosjektet omfattar alle båttypar som har vore bygde og brukt opp til i dag, også motorbåtar.


Dei einaste avgrensingane ligg i at båtane skal vera opne, bygde av tre og at dei har vore i i bruk i Rogaland.

## Prosjektet inneheld følgjande deler:

1. Framskaffa oversikt over bestanden av slike båtar
2. Vurdera båtens verneverdi
3. Foreta eit utval for nærare dokumentasjon
4. Detaljregistrering og forskning på utvalde båtar og båtbyggjarar
5. Foreslå sikringstiltak for utvalde båtar
6. Rekonstruera utvalde båttypar
7. utgi boka "Rogalandsbåtar"

I fyrste del av prosjektet vil ein registrera flest mogeleg av alle dei opne trebåtane som ein finn i

fylket, både i museumssamlingar og hjå private. Registreringa vil i hovudsak bli utførde av frivillige båtinteresserte.



Siktemålet er å samla einsarta opplysningar om alle båtane slik at vi i neste omgang kan foreta nærare undersøkingar både av båttradisjonar i fylket og av enkelte båttypar. Registreringa skal fanga opp grunnleggjande data om kvar båt samstundes som den skal vera enkel å gjennomføra. Opplysningar om kvar båt skal først på eit eige skjema. Det innsamla materialet vil bli


oppbevart på Stavanger Sjøfartsmuseum og vil vera til disposisjon for alle som arbeider seriøst for vår lokale kystkultur.

Prosjektet "Rogalandsbåtar" skal bidra til å auka kunnskapen og bevisstheita om vår rikhaldige maritime kulturarv.

Dei som har båtar, både gamle og nye, blir med dette bedne om å **ta kontakt med Johannes Nilssen** for ein avtale om registrering.



HELSESEKSJONEN  
INFORMERER



## Ledig vikariat som reinhaldar på Boknatun

Vi søker etter reinhaldar ved administrasjon- og helseavdelingen på Boknatun, vikariat frå 01.11.98 – 07.04.99. Stillingsandel 49.33 %, med arbeidstid på kvardager 18,5 timer pr. veke. Stillinga er lønna etter Hovedtariffavtalen med 2 % pensjonstrekk. Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.


Opplysningar om stillinga får ein ved å venda seg til nestleiar for helseseksjonen, Miriam Berland, tlf. 52 75 25 30. Kopi av attestar og vitnemål sendes : Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet for helse, 4290 Bokn innan 23.11.98

## BARNETRIM VÅREN 1999

Skal barnetrimmen fortsette etter jul, trengs det ny trenar.

Trimmen er på tysdagar,  
3-5 år kl. 16.00 – 16.45  
6-9 år kl. 16.45 – 17.30

For meir informasjon, kontakt  
Ragnhild Trosnavåg – 52 74 85 04





# ST. PETERSFISK

I september-utgåva av Bygdabladet kunne du lesa om Svein Kåre Goa som hadde fanga ein St. Petersfisk i garnet i Sandvika 9. august. Den sjeldne sydhavsfisken havna etterkvart levande i Akvariet i Bergen.

No viser det seg at Jakob Vågshaug i Bokn har same type fisk i frysaren, tatt nokre veker tidlegare med trål ytterst i Hervikfjorden. Jakob fortel til Bygdabladet at han får mykje fisk i trålen som han ikkje veit kva er, så han reagerte ikkje noko spesielt på denne heller. Likevel havna den ca. 20 cm runde fisken som var flattrykt frå sidene og som hadde ein tydeleg svart flekk på kvar side, i frysaren.

Det er god grunn til å tru at denne fisken også har fulgt med Golfstraumen saman med den som blei fanga i Sandvika, og Jakob meiner at sjøen var på det varmaste rundt dei sommardagane.

## SKRIBENT I BYGDABLADET

### INTERESSEMÅLING

Er du interessert i å produsera fast stoff til bladet? Arbeidet er variert, m.a. med ulike typar journalistikk, fotografering, skrivning og redigering på PC. Arbeidstida er fleksibel, og nødvendig opplæring blir gitt.

Det er inga ulempe å vera utadventt, glad i å snakka med folk, vera samarbeidsvillig, ha kjennskap til PC-bruk og ha gode norskkunnskaper, men dette er ikkje noko krav.

**INTERESSERTE TAR KONTAKT  
MED REDAKTØREN.**

ME HAR FRED  
ME HAR FRED I NOREG  
INGEN KRIG I NOREG  
ME HAR DET GODT

**VENLIG HILSEN**  
**Andrej Dobrev 4. klasse**

# BOKN

## INVITERER TIL KURS OM DISTANSERITT

Kurset vert om førebuing til neste års distanseritt. Me har vore heldige og fått tak i Knut Herman Karlsen frå Gjøvik som er på landslaget i feltritt og har drive mykje med både det og distanseritt. Han vil ha både teori og praksis. Tema vil vera: Rett og hensiktsmessig trening mot distanseritt.

Pris: 300 kr  
Dag: Sundag 15. nov  
Klokke: 10.30  
Stad: Ognøy  
Påmelding til Åse  
52748669  
Det vert sal av lapskaus

## BISKOPEN KJEM TIL SPEIDARANE SIN GRAUTFEST – KOM DU OG!

Biskop Ernst Båsland vitjar Bokn den 26. november. For at han skal få treffa mange gilde boknarar og ha det kjekt, har speidarane flytta grautfesten sin til den dagen, **og festen er open for alle.** Du vil ikkje angra dersom du legg turen til skulen den kvelden. Festen vert halden


**torsdag den 26. november kl. 18.00 på skulen.**

Av programmet nemner me:

- lysbilete frå speidarlandsleiren Jæren –98
- lysbilete frå ulve/meisetur
- song og rop og anna speidarmoro
- servering av deilig risgraut og kaffe og blautkake
- konkurranse mellombiskop og prest og div. andre
- tale av biskopen

*Helsing*

*1. Bokn KFUM – Bokn 1. KFUK*





## STØNAD TIL DELTAKING PÅ KURS - for lag og organisasjonar -

Driftsstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/konferansar som tar sikte på skoling av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og til-litsmenn. Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre for deltakarar frå lag og orga-nisasjonar i Bokn kommune. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mot-tatt søknad.

I søknaden skal desse opplysningane stå:

- kurslengde
- arrangør
- program
- opphalds- og kursavgift
- utgifter til materiell og reise
- namn på kursdeltakarane frå laget

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til.

Tilskot kan ystast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inspirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbodet om å gjera det.

## OVERHALING AV PÅHENGS MOTORAR FOR VINTEREN

Me er to guttar på 14 og 15 år som tar på oss overhaling av påhengsmotorar ( maks. 12 Hk ) i lag med Egil Ognøy.

- skiftar girolje, smører alle ledd med grease
- køyrer motoren i ferskvatn med frostvæske
- undersøker tennpluggen
- reingjer motoren

Kvar tysdag og torsdag tek me imot moto-rar på skulen, eller ring skulen.

Pris for dette arbeidet er kr. 200,-

*Helsing Tor Inge og Bjarne*

## BOKN BYGDABLAD

### • UTGJEVAR

Bokn kommune

4290 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

### • BYGDABLADNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

### • REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

### • ABONNEMENT

Innanbygds kr. 100,- pr. år

Utanbygds kr. 150,- pr. år

### • ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Små privata. kr. 30,-

Fastannonse etter avtale

### • FRIST FOR STOFF

Etter avtale

### • FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm

**Ordføraren** er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 09.00 - 15.00

P.g.a. ein del møteverksemd er det lurt å ringja på førehand.

## TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy

## ANNONSÉR I BOKN BYGDABLAD



# A-Blad

RETURADRESSE:  
**BOKN KOMMUNE**  
**4290 BOKN**

## KULTURKALENDEREN

### NOVEMBER

- 14.: Basar, Bokn skule kl. 13.30 – arr. Bokn Røde  
Kors besøkstenesten
- 15.: Distanseritt-kurs på Ognøy, arr. BORK
- 16.: BORK: Årsmøte
- 17.: Ulve/meiseopptak, Bokn bedehus
- 21.: Blåkors m.utlodning,  
Bokn bedehus kl.19.30
- 22.: Sundagsskule, Kyrkjebygd skule kl.14.00
- Veke 48 juletentamen, Bokn skule- gysal opp-  
tatt
- 25.: Adventsverkstad, Bokn hagelag, Allrommet kl.  
19.00
- 29.: Julegranstenning, arr. Bokn idrettslag

### DESEMBER


- 01.: Speidaravslutning for speidarar og ulv/meis,  
Bokn skule
- 06.: Sundagsskule, Kyrkjebygd skule kl.14.00
- 07.: BORK: Jul i stallen
- 09.: Juleverkstad, Bokn hagelag  
Allrommet kl. 19.00
- 10.: Adventsfest for eldre på Bokn skule – arr. Bokn  
sanitetsforening

#### LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn måndag, onsdag og fredag kl.  
08.00 – 15.00, tlf. 52 74 85 13

Tysdag og torsdag kontordag ved Tysvær liknings-  
og folkeregister i Aksdal  
kl. 08.00 – 15.00, tlf. 52 77 54 10

**Gaute Kro**  
likningssjef i Bokn



### NOVEMBER

- 01.: Gudsteneste kl. 11.00
- 15.: Gudsteneste kl. 11.00
- 29.: Lysmesse med  
speidarprosesjon kl. 19.00

#### BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og torsdag kl. 9.00 – 15.30  
Direktenr. 52 75 25 33

**STENGT F.O.M. 14.12.98 T.O.M. 04.01.99**

**Geir Austvik, fysioterapeut**

#### BARNEVERNLEIAREN

Kontordag tysdagar, elles etter avtale.

Direktenr. 52 75 25 53 - Mob. 946 78 919

**Eva Moi**  
barnevernleiar

#### LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun  
kl. 9.00 – 12.00.

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar,  
tlf. 52 77 05 00

**Bjørn Bruaset**  
jordbrukssjef

#### HELSESTASJONSDAG

Torsdagar 9-11.30. Elles etter avtale.

**Eva Brunborg Svendsen**  
helsesøster